

## Korona – informasjon til foreldre om barnehagekvardagen

Vi har sett i verk ei rekkje tiltak i barnehagen for å hindre smitte. Trafikklysa med grønt, gult og raudt nivå viser kva for smitteverntiltak som gjeld for barnehagen for dei ulike nivåa. Det er smittesituasjonen i Noreg som avgjer kva for nivå vi skal følgje. Dersom smittesituasjonen endrar seg, vil vi justere rutinane våre i barnehagen.

### Det er trygt for barn å gå i barnehagen

Vi skal framleis gje barna den fysiske omsorga dei treng og syte for at alle barn opplever tryggleik, kjenner at dei høyrer til og trivst i barnehagen. I tida framover vil vi vere ekstra nøye med å sikre godt smittevern. Vi er særleg opptekne av:

- at ingen skal møte i barnehagen dersom dei er sjuke
- å vaske hender og følgje opp barna slik at dei lærer seg gode rutinar for handvask
- å ha godt reinhald i barnehagen

### Korleis vil barnehagekvardagen vere?

#### Grønt nivå:

Barnehagekvardagen vil gå som normalt, men vi som jobbar i barnehagen, unngår handhelsing og klemming mellom oss vaksne.

#### Gult nivå:

Heile avdelingar kan vere samla, og alle barn skal få eit fulltidstilbod i barnehagen. Vi vil dele opp uteområdet for å skilje gruppene frå kvarandre. Barna vil ha ein fast tilsett for gruppa si. Vi som jobbar i barnehagen, unngår handhelsing og klemming mellom oss vaksne.

#### Raudt nivå:

Barna vil bli delte inn i mindre grupper. Det kan hende at vi må korte inn opningstida i barnehagen, og det kan bli naudsynt at foreldra kjem med barna til ulike tider. Vi held god avstand mellom grupper som ikkje samarbeider. Vi vil dele opp uteområdet for å skilje gruppene frå kvarandre, og barna vil vere mykje ute. Vi som jobbar i barnehagen, unngår handhelsing og klemming mellom oss vaksne.

### Ikkje ta med leiker heimanfrå

Barna skal ikkje ta med seg eigne leiker heimanfrå. Dersom barnet ditt har ein eigen kosebamse for å sove, kan de ta den med, men det er ekstra viktig at bamsen ikkje blir delt med andre barn i barnehagen.

Ta kontakt med oss i barnehagen dersom du har spørsmål. 😊